

## Den store flyttedugnaden

05.12.2016



Fire grønne traktorar på dugnad,

Heile sju bønder med traktorar og løfteutstyr var samla i dag for å flytta hesteredskapar og tryskjeverk frå to løer til ny plassering i løa til Bjarte Døssland. Bygdetunet Rød er godt nøgd med at ein mellombels har fått til ein avtale, førebels ut 2017. Plassen er god i kjellaren på det som lenge var den største løa i Uskedalen, bygd på 1960 talet.



Asbjørn rygger trøskjeverket på plass medan Runar dirigerer.

Hesteredskapane fortel mykje om landbruk og driftsformer frå tida kring hundreårsskifte og fram til den meir mekaniserte drifta med traktor frå tida etter krigen. Mykje av det, som har vore samla, er i dårleg stand. Miten har herja og det vil vera rett å erstatta det, som er dårleg, med same gjenstand i betre stand.

Bygdetunet Rød har sidan oppstarten tidleg på 1980 talet samla gjenstandar knytta til gardsdrifta på eit vestlandsbruk. Redskapane har vore lagra i løa og hestestallen på Rød og i løa til Frode Stensletten på Øvre Fet. Om dette arbeidet kan vera grunnlaget for ei større redskapssamling i Uskedalen, vil tida visa.

Takk til dei som brukte dagen på flyttinga: Tormod Myklebust, Runar Myklebust, Endre Skjelnes, Ståle Eik, Bjørgulv Eik, Norvald Eik og Asbjørn Olsen.



I døra ser vi 4 av dugnadskarane: Norvald, Runar, Tormod og Bjørgulv

Tekst: Kristian Bringedal  
Foto: Ståle Eik  
Nett: Thor Inge Døssland